



Harald Dag Jølle, forfatter og historikar ved Norsk Polarinstittutt, skriv om turar, utstyr og turbøker for Dag og Tid.

FRILUFTSLIV

Ragnarok

Ei kjensle av det frie omstreifarlivet i villmarka – i eit lite bel. Foto: Vegard Ulvang

TUREN

Me er midt i Vårnjårga, Varangerhalvøya nasjonalpark, ein drageflygars draum. Endelausa vidder. Høvelege bakkar. Spannande pass og dalar. Ikkje eitt tre eller ein busk. Og eit eventyrleg utsyn. Planen er å segle til Vardø, om vinden vil det slik. Men me skal eigentleg ingenting anna enn å rekke eit fly heim, om ei lita veke. Det er litt slik omstreifarliv, og det kjennest godt. Vêrgudane og vindretninga avgjer kvar me reiser. Me seglar når me har bør, og søv om han tek ein pause.

Me starta dagen med kolonne-

køyring over Kongsfjordfjellet, stadnamnet du ofte høyrer i radioen, i lista over stengde fjell-og-angangar. Me fylgde lydig etter brøytebilen, men svinga resolutt ut av vegen på det høgaste punktet. Meldinga var lovande. Snøbyene skulle gje seg, men ikkje vinden.

Nokre timar seinare sit me på «Ragnarok». På primusen surrar reinkjøtet. Årgangsvinen er opna. Me har både iskrem og moltebær i pulken. Skiseglarar treng ikkje å pakke lett.

Dei kunne kanskje sin norrøne mytologi, kraftlagskaraner som strekte straum over Varangerhalvøya og sette opp

denne bua. I alle høve må dei ha hatt sans for å fortelje omverda at her oppe, 600 meter over Barentshavet, kunne katastrofen kome. Eg veit ikkje om det finst liste over dei mest vêrutsette stadenene i Noreg. Det gjer det sikkert. Og Skipskjølen, toppen av Varangerhalvøya, som ligg som ei skyteskive for dei polare lågtrykka som stadig rullar inn frå både aust og vest og nord, scorar garantert høgt på ei slik oversikt. I dag, derimot, segla me inn i kveldslyset med høveleg bør frå nordvest og eit vedunderleg føre under skia.

Ålljeveaiskåidi i solnedgang. Skiseglet fell plutsleg saman

frå den rosa himmelen. Det er ti timar og like mange mil sidan me segla ut frå «Ragnarok». Eg står i ein bekkedal og ser litt forvirra rundt meg. Kven skrudde av vifta? Den klare aprilufta kilar i nasebora. Yr har halde det han lova: vindstille og kaldt mot kvelden. Fire blide karar smiler nærast om kapp.

«Herregud for eit paradisi!» Mil på mil på jomfrueleg underlag. Vi har segla på kryss og tvers, opp bakkar og ut over store flyer. Me har hoppa langt og køyrt slalåm i puddersnøen. «At eg ikkje har kome hit tidlegare, er heilt ubegripeleg», bryt turkompisen min ut, som har segla polarområde på

kryss og tvers. Han har floge over Hardangervidda tallause gonger, men har altså ikkje vore i Aust-Finnmark før no. Han tek opp telefonen og legg ut ei melding til verda: «Beste tur ever! Ja. Ever!!!» Lovord på slutten av ein fin dag i fjellet blir fort høgstemde og bør takast med ei klype salt. Men i dag har me dekning for kvart eit ropeteikn!

Me har ikkje kome noko nærare Vardø, faktisk er me lenger unna enn i går. Me slår opp telt på ein liten haug med godt utsyn. Ikkje eit blaff i duken, men det uroar oss ikkje. I Varanger er det aldri lenge vindstille.

Kven var eigentleg først på Nordpolen?

REKORDEN

I 1909 kom amerikanaren Frederick A. Cook attende frå Arktis og hevda han hadde vore på Nordpolen. Like etter kom meldinga om at landsmannen Robert E. Peary hadde vore same staden. Cook vart raskt avslørd som ein svindlar, medan Peary vart ståande som rekordhaldar – inntil polarhistorikarar med sans for detaljar dei seinaste åra har sådd overtydande tvil om han verkeleg kom til endestasjonen på jorda. I så fall, kven var då først på Nordpolen?

I 1926 flaug amerikanaren Richard Byrd over Nordpolen, rett framfor snuten til luftskipet «Norge». Men også Byrds truverte fekk ein knekk då flygaren Floyd Bennet avslørde ferda som eit bedrag i 1971. Då kan

ein hevda at Roald Amundsen og hans reisefølgje Umberto Nobile og Lincoln Ellsworth vart dei første som tvillaust passerte 90 grader nord. Men dei flaug

berre over. Dei var ikkje nede på isen.

Såleis må me vidare til Stalins sovjetrussiske utforsking av Arktis i 1930-åra. 21. mai 1937



Roald Amundsen flyg frå Svalbard mot Nordpolen i 1926. Foto: Norsk Polarinstittutt

landa Otto Schmidt i nærleiken av polpunktet under den såkalla «SP-1»-ekspedisjonen. Schmidt vart dekorert som «helt av Sovjetunionen», han sette opp ein imponerende forskingsbase i polarisen, men var han på sjølve polen? Også det blir diskutert.

3. august 1958 – under den prestisjetunge «Operation Sunshine» – braut den amerikanske atomdrivne undervassbåten gjennom isen på staden der verdas lengdegrader blir samla i eitt punkt. Det skulle likevel endå gå ti år før nokon tok «landevegen» til Nordpolen. Det hende då amerikanaren Ralph Plaisted etter 43 dagar og 11 timar nådde fram med ein snøskuter-ekspedisjon 19. april 1968.



Harald Ulrik Sverdrup 1888–1957

BIOGRAFIEN

Han var det næraste Noreg kom ein arvtakar etter Fridtjof Nansen. Med same etternamn som den fjerne slektningen sin, polfarar Otto Sverdrup, skulle Harald U. Sverdrup bli ein av dei mest røynde iskarar me nokon gong har hatt. Likevel er han langt mindre namngjeten enn mange av dei andre heltane som lyser under polarhimmelen. Det kjem nok av at det ikkje er vitenskapen som har fengst den polare ålmenta. For det var nemleg vitenskapsmann han var, den eventyrlystne vestlendingen – utdanna i Leipzig under Vilhelm Bjerknes' kateter, og med ein doktorgrad om den nordatlantiske passat.

Det var interessa for havstraumar som i 1918 førde han om bord på Roald Amundsens skip «Maud» som vitenskapleg leiar. Sju år seinare kom han heim frå Polhavet med resultat som sterkt bidrog til å byggje opp eit verdsleiarande forskingsmiljø innanfor geofysikk i Bergen. Han kom òg heim med ein særeigen etnografisk studie. Medan «Maud» låg innefrose langs kysten av Sibir, budde og levde Sverdrup saman med reintsjuktsjerane (*Iuorawetlan*) i åtte månader. Røynsleane frå dette nomadelivet skildra han mellom anna i boka *Hos tundrafolket*.

Men den nyttnemnde professoren i dynamisk meteorologi slo seg ikkje til ro bak skrivepulten. I 1931 vart han vitenskapleg leiar på Hubert Wilkins' hasardiøse undervassekspedisjon som freista å kome til Nordpolen. Og



Direktøren for Norsk Polarinstittutt vitjar sine menn i Antarktis i 1951. Foto: Norsk Polarinstittutt

i 1934 organiserte han ei ferd til Svalbard. Saman med den svenske glasiologen Hans W:son Ahlmann, to assistentar og sytten grønlandshundar drog dei eit tonn utstyr 1000 høgdemeter opp på Isachsenfonna for å ta atmosfæriske målingar.

To år seinare, i 1936, vart Sverdrup kalla til USA som direktør ved Scripps Institution of Oceanography i La Jolla, California. Her heldt den strålende forskar-

karrieren hans fram, og han vart etter kvart sedd på som verdas fremste oseanograf. I 1942 publiserte han *The Oceans*, som framleis er havforskningsbibelen. Han fekk oppkalla ei havstraummåleining etter seg. Ein *sverdrup* er nemninga for ein million kubikkmeter vatn i sekundet. Og i USA deler dei ut «Sverdrups gullmedalje» for framifrå vitenskap om havet og atmosfæren.

I 1948 kom Sverdrup attende

til Noreg. Han var ønskt som direktør for det omorganiserte Norsk Polarinstittutt og lova mykje pengar frå norske styresmakter for å byggje opp Europas leiarande arktiske instittutt. Men Sverdrup skulle raskt bli skuffa over at det i heimlandet var letare å love pengar enn å løyve dei.

For Polarinstittuttet hadde han mellom anna ansvar for å organisere ein fleirnasjonars, fleirårig ekspedisjon til Dronning Maud Land i Antarktis. Sjølv vitja han ekspedisjonen med eit forsyningsskip på nyåret 1951. Ekspedisjonen var viktig for det norske territorialkravet i Antarktis, men direktøren var ikkje overtydd om at verdien stod i høve til innsatsen. Han såg fram til den dagen han ikkje hadde ansvar for sytten mann i Dronning Maud Land, skreiv han i dagboka på veg heim og heldt fram med ei noko oppsiktsekkjande ytring for ein polardirektør: «For mig kan vi gjerne gi lannet tilbake til pingvinene.»

Det er ikkje berre havstraumane, polarisen og arktiske kulturstudiar som gjer ei samanlikning med Nansen nærliggjande. I 1950-åra fekk han òg eit humanitært bein å stå på, då han sa ja til ei sentral rolle i Noregs fyrste u-hjelpsprosjekt, til Kerala-regionen i India. Men Sverdrup ville ikkje høyre tale om ei slik jamføring. Nansen forma oppgåvene sine sjølv. Han, derimot, hadde berre takka ja til oppdrag han vart spurd om.

For meg er det ufatteleg at ingen enno har skrive biografi om denne mannen.



SITATET

«Den hardeste overvintringen en fangstmann kan ha, er en overvintring i Tromsø.»

Henry Rudi

Snøsykkel

GAMALT TURUTSTYR

I 1911 fann den sykkelglade sveitsaren Christian Bühlmann ut at det måtte vere mogleg å lage ein vinterversjon av Karl Drais' *laufmaschine*, sykkelkelen med to store hjul, men som manglar pedalar. Bühlmanns snøvariant vart kalla *velogemel* etter det lokale grindelwaldske ordet *gemel*, som tyder 'slede'. Biletet syner at snøsykkelkelen vart nytta i den sveitsiske postombringinga i alle fall fram til 1952. Men velogemeling har på ingen måte døydd ut. Årleg blir det arrangert verdsmeisterskap i denne sveitsisk-dominerte idretten. I 2014 vann Andrew Stebler herreklassa, medan Daniela Meyer vart kvinneleg meister. Racingmodellane dei nyttar i slike konkurransar, ser likeins ut som dei gjorde for hundre år sidan. Og ønskjer du å tinge ein slik farkost for bruk på norske snødekte vinterveggar, kan du gjere det for 590 sveitsiske franc frå velogemel.ch.

Sjølvpålagde lidingar i grisgrendte strok

«Arctic Trail» er ein skuter-autostrada som dekkjer store delar av Nordkalotten. «The eldorado of snowmobile tourism», som det står på nettsidene deira. Her kan ein «enjoy the fantastic, clean countryside of the Scandinavian Peninsula». Og ikkje berre det, men det er mogeleg både «to feel the freedom» og «listen to the silence» – samtidig! Det går ikkje fram i kva grad det siste føreset at ein stoppar skuterene.

Nettsida fortel òg at viss ein er heldig, kan ein møte nokre av dei som framleis nyttar det kuriøse alternativet «the ancient travel means of skies».

STEIN P. AASHEIM

Spor over Finnmarksvidda etter det kuriøse framkomstmidlet «ski».

Foto: Stein P. Aasheim

